



Arkivsak 201003000-1  
Arkivnr. 407  
Saksh. Regionalavdelinga

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Kultur- og ressursutvalet	17.08.2010
Samferdselsutvalet	18.08.2010
Opplærings- og helseutvalet	24.08.2010
Fylkesutvalet	25.08.2010
Fylkestinget	12.10.2010

## **REGIONAL PLAN FOR FOLKEHELSEARBEIDET I HORDALAND - OPPSTART**

---

### **SAMANDRAG**

”Lov nr 65: Lov om fylkeskommuners oppgaver i folkehelsearbeidet” tok til å gjelda 1. januar 2010. Lova påpeikar fylkeskommunars ansvar for å ivareta folkehelse i eiga tenesteyting, forvaltning og planlegging og innan regional utvikling. Lova fører til både politiske, administrative og økonomiske konsekvensar for folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune. Hovudmålet med lova er å stadfeste viktigeita av systematisk og langsiktig folkehelsearbeid og framheva den fylkeskommunale rolla i arbeidet. For å oppnå dette må arbeidet forankrast i ein plan som inneheld visjon, mål og strategiar for arbeidet.

Regional plan for folkehelsearbeidet blir knytt opp mot arbeidet med Regional planstrategi kor folkehelsearbeid er framheva som viktig satsingsområde. I tillegg vert den utvikla i tråd med nasjonale føringar på feltet. Ved at planen får status som regional plan, kan den bli regionen sitt politiske verkemiddel for handling, og eit hjelpemiddel for kommunane i deira folkehelsesatsing.

Handlingsprogram for folkehelse 2007 – 2008/2009 danna bakgrunn for tiltak på folkehelseområdet. Programmet er gått på dato, noko som gjer enda ein grunn for å komme i gang med å utvikle regional plan for folkehelsearbeidet. Vedlagt til saka ligg Handlingsprogram for folkehelse 2010 – 2011 som skal danne grunnlag for folkehelsearbeidet i påvente av ein regional plan for arbeidet.

Ein kritisk suksessfaktor for utarbeiding av plan og iverksetjing av tiltak er ein brei medverknad i planprosessen. Involvering av politikarar, partnarar frå Partnerskap for folkehelse i Hordaland, statlege verksemdar, frivillige, kommunar, og avdelingane i fylkeskommunen vil syte føre god medverknad. Det er behov for å avsette særskilte ressursar til arbeidet med folkehelseplanen og samt vidare oppfølging av arbeidsområdet

Saka går til Fylkestinget i oktober 2010 på grunn av oppnevning av saksordførar for arbeidet.

## **FORSLAG TIL INNSTILLING**

1. Fylkesutvalet vedtek oppstart av ein Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland.
2. Fylkesutvalet tek Handlingsprogram for folkehelse 2010 – 2011 til orientering.
3. Partnerskap for folkehelse i Hordaland og Folkehelsegruppa har eit særleg ansvar for planprogrammet.
4. Det vert arrangert eit breitt møte med ulike samarbeidspartar som eit ledd i utarbeiding av planprogrammet
5. Fylkestinget utnemner ..... som saksordførar for Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg:

1. Handlingsplan for folkehelsearbeidet 2010 - 2011
2. Kopi av: Rapportering av tilskot til lokalt folkehelsearbeid i Hordaland 2009

## **FYLKESRÅDMANNEN, 07.04.2010:**

### **Innleiing**

Fylkesrådmannen foreslår oppstart av arbeid med Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland. Planen må byggast på grunnleggande verdiar kor fokus på ressursar hos den enkelte står i høgsete framfor fokus på avgrensingar.

Folkehelsearbeidet vert løfta fram som eit viktig arbeidsområde i arbeidet med ny planstrategi men det er ønskjeleg at arbeidet med plan for folkehelsearbeidet får ein oppstart før planstrategien vert vedteken. Lova, politisk etterlysing av organisering og mål for arbeidet, samt endringar i fokus på førebyggjande arbeid og folkehelsearbeid i kommunane knytte til Samhandlingsreforma, fordrar at vi kjem i gang med planarbeidet no.

Hordaland står overfor store utfordringar knytt til helse og levekår. Mellom anna står vi framfor ei eldrebølge, det må arbeidast med fokus på sunne levevanar blant barn og ungdom og gje flest moglege moglegheit til å fullføre vidaregåande skule. I tillegg er utvikling av universelt utforma omgjevnad viktig for å nå målet om god tilgjengelegheit, deltaking og valfridom. Målet er å gjere dei sunne val, dei enkle val.

Hordaland fylkeskommune koordinerer og har lovfesta ansvar for folkehelsearbeidet i fylket. Dei overordna måla med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse, og å redusera helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn. Det jobbast med ei heilskapleg satsing på mellom anna fysisk aktivitet, kosthald, tiltak mot rusmidlar, snus og tobakk, tannhelse, helse i plan og fråfall i skulen.

Arbeidet med utviklinga av partnerskapsarbeid er blant dei viktigaste oppgåvene innan folkehelseområdet. Hovudfokus har vore på å danna partnerskap med kommunane og frivillige organisasjonar i Hordaland. Partnerskap for folkehelse dreier seg om tverrfagleg, sektorovergripande og forpliktande samarbeid på regionalt og kommunalt nivå kor målet er å oppnå synergi i arbeidet. Partnerskapen er i utvikling og har som mål å samle alle kommunane samt viktige statlege og frivillige verksemder i felles fokus om folkehelsearbeidet.

Handlingsprogram for folkehelse 2007 – 2008/2009 danna tidligare bakgrunn for tiltak på folkehelseområdet. Vedlagt til saka ligg Handlingsplan for folkehelse 2010 – 2011 som skal danne grunnlag for folkehelsearbeidet i påvente av ein regional plan for arbeidet. Å skape samanheng og kontinuitet i folkehelsearbeidet i Hordaland er den overordna oppgåva framover. Systematiske og langsiktige mål må leggjast til grunn for arbeidet. Tiltaka som settes i verk skal ha dokumentert effekt.

I 2010 - 2011 blir følgjande arbeidsoppgåver prioritert:

1. Styrkje og vidareutvikle ”Partnerskap for folkehelse i Hordaland”.
2. Samordne og utvikle folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune.
3. Kartleggje Hordalendinganes helsetilstand og påverkkande faktorar for denne.
4. Utvikle ”Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland”.

Handlingsplanen fokuserer først og fremst arbeidet i 2010. Hausten 2010 blir plan for 2011 utvikla og utdjupa etter kvart som planarbeidet konkretiserast (sjå Vedlegg 1).

### **1.1 Føringer for arbeidet**

Rammene for folkehelsearbeidet i Noreg i dag er regulert av lovar og stortingsmeldingar. ”Lov nr 65: Lov om fylkeskommuners oppgaver i folkehelsearbeidet” trådte i kraft 1. januar i år og legg føringer for fylkeskommunars ansvar og oppgåver i folkehelsearbeidet. Med lova har fylkeskommunen fått lovfesta ansvar for eit nytt virkeområde og oppgåver knytte til å fremme folkehelsa. Ansvaret inneber

eit sektorovergripande arbeid regionalt og lokalt med vekt på å understøtte arbeidet i kommunane. I tillegg gjev lova fylkeskommunen ansvaret for å ha den nødvendige oversikt over helsetilstanden i fylket. Lova presiserer at folkehelsearbeid skal inngå som del av regional utvilking, planleggingsoppgåver, samt i eiga tenesteyting og forvaltning. Finansieringa av oppgåvene blei løfta inn i verkemidla som fylkeskommunen forvaltar og frå 2010 vart statlege folkehelsemidlar overført i rammetilskotet.

Fleire andre lovverk regulerer folkehelsearbeidet. Dei viktigaste er Kommunehelsetenestelova og Plan og bygningslova. Kommunehelsetenestelova regulerer kommunanes innsats innan det førebyggjande og helsefremmande arbeidet. I Kommunehelsetenestelova § 1-2 blir helsetenestene sine føremål framheva. Der blir det påpeikt at helsetenesta sitt føremål er å fremje folkehelse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold i tillegg til å førebygge og behandle sjukdom og lyte. Den nye plan- og bygningslova bidreg til forankring av folkehelsearbeid og universell utforming i plan- og styringsdokumenter. Lova fordrar at all planlegging skal fremje befolkninga si helse og motvirke sosiale helseforskjellar.

Fleire stortingsmeldingar og odelstingsproposisjonar seinare tid omfattar folkehelsearbeidet som eiga verksemdsområde og gjev føringar for arbeidet:

- St.meld. nr. 16 (2002 – 2003) Resept for et sunnere Norge. Folkehelsepolitikken.
- Ot.prp.nr.10 (2008 – 2009) Om lov om endringar i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)
- St.meld. nr. 20 (2006 – 2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller
- St. meld. nr 35 (2006 – 2007) Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning (Om framtidens tannhelsetenester)
- St. meld. nr. 9 (2006-2007) Arbeid, velferd og inkludering

Seinaste tilskot av viktige stortingsmeldingar er ”St.meld.nr 47 (2008 – 2009) Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid”. Reforma varslar først og fremst utviklinga innan det norske helsevesenet for å møte befolkningas etterspørsel på ein betre måte. Reforma påpeikar trong for samhandling og organisering av helsetenester i kommune- og spesialisthelsetenestene. I tillegg omfattar den i nokon grad korleis kommunane skal arbeide med helsefremmande og førebyggjande tiltak utanfor helsetenestene nær befolkninga.

Lovene og meldingane legg føringar for planarbeidet. Folkehelsearbeid krev løysingar på tvers av sektorar for å skape gode oppvekst- og levekår, og for å utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar som fremmer fellesskap, tryggleik, berekraft og deltaking. Brei medverknad i planarbeidet vert difor viktig føresetnad i utviklinga av planen.

## **2. Status for folkehelsearbeidet**

Dei overordna måla som leggst til grunn for folkehelsearbeidet i Hordaland er knytte opp mot dei nasjonale måla om fleire gode leveår med god helse i befolkninga som heilskap og redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn. Måla ligg også til grunn for arbeidet med Partnerskap for folkehelse i Hordaland.

I eiga tenesteyting vert dei overordna måla relatert til arbeid med integrering og likeverd, med arbeid retta mot fråfall, tobakks- og rusførebygging i skolane, betre tannhelse, trygg ferdsel i trafikken og planlegging. Det gjenstår endå mykje arbeid med å samordna oppgåvene i eiga tenesteyting, noko som vert vektlagt framover. Koordinering og systematisering av det interne arbeidet er lagt til folkehelsegruppa. Medlemene i folkehelsegruppa kjem frå dei fleste avdelingane i fylkeskommunen,. Gruppa koordinerer folkehelseoppgåvene og syte før at tiltake i handlingsprogrammet vert gjennomført. Gruppa skal reorganiseras gjennom planarbeidet for betre å syte føre dei interne oppgåvene.

Av anna arbeid er det verd å nemne at fylkeskommunen er eit Fiskesprellfylke. I år har nærmare 90 barnehagar i Hordaland deltatt på fiskesprellkurs. Målet med kurset er å setja sundt kosthald i barnehagane på dagsorden med spesiell fokus på fiskemat. Mange fleire barnehagar er allereie i kø for

neste runde. I tillegg samarbeider vi med Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen om studentarbeid. I år vil resultatene av studentarbeidet visast med aktivitetar i FYSAK hallen på Eldredagen den 1. oktober og intern fokus på fysisk aktivitet for tilsette i fylkesbygget for å nemne nokre eksemplar.

Partnerskap for folkehelse i Hordland er i stadig utvikling. Per dags består partnerskapen av: Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen, Bergen kommune, Askøy kommune, Austrheim kommune, Kvam herad, Kvinnherad kommune, Stord kommune, Austevoll kommune, Odda kommune, Bergen Turlag, Hordaland Idrettskrets, Bergen og omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Nasjonalforeningen for folkehelsen. Ytterligere er vi i en prosess med å utvikle partnerskapsavtaler med Helse- Bergen og Sund, Ullensvang, Jondalen og Masfjorden kommunar. Fleire andre kommunar er interessert i å delta i partnerskapen og er i startgropen med arbeidet i sin kommune. Fortsett gjenstår det å utvikle teneleg organisering av Partnerskapet, noko som vert fokusert i planarbeidet.

I arbeidet med å understøtte kommunane held partnerskapen kurs og seminar fleire gongar i året. I det siste har partnerskapen helde kurs og arbeidsseminar for kommunane om Helse i plan, Kommunehelseprofilar, Helsekonsekvensutgreiingar og Samhandlingsreforma. Seminarene er tverrfaglige og vert vitja med brei deltaking frå kommunane.

### **3. Kva ønskjer vi i plan for folkehelse**

For å lykkast med folkehelsearbeidet må det arbeidast med ei brei tilnærming godt forankra både politisk og administrativt. Fylkeskommunen løyser allereie mange folkehelseoppgåver men arbeidet treng sterkare forankring, samordning, visjon, mål og strategiar. Visjon, mål og strategiar for arbeidet må forankrast i alle ordinære plan- og styringssystem i fylkeskommunen.

Planarbeidet vil ta utgangspunkt i den nye lova samt ta omsyn til andre viktige lover og meldingar som regulerar arbeidet. Folkehelsearbeid er tverrfagleg, sektorovergripande og utøvast av ein rekke aktørar regionalt og lokalt. Fylkeskommunen si rolle som pådrivar må tydeliggjerast og det er trengs klare retningslinjer for arbeidet. Planen vil innehalde fokus på følgjande tema.

#### Kartlegging av helsetilstanden i befolkninga i Hordaland

Ei utfordring for folkehelsearbeidet er mangel på oversikt over arbeidsoppgåver og relevante aktørar. Det er difor ønskeleg å få utført ei kartlegging av helsetilstanden i befolkninga i Hordaland. Det er eit naudsynt utgangspunkt for planlegging av mål og strategiar, samt at det gjer det mogleg å vurdere om eit tiltak som er sett i verk har effekt eller ikkje. Arbeidet med å innhente oversikt over Hordalandsbefolkninga sin helsetilstand og faktorar som påverkar denne er allereie i gang og vert utvikla vidare i planperioden.

#### Plan for Partnerskap for folkehelse i Hordaland

I eit godt partnerskap for folkehelse oppnår ein meir enn det kvar enkelt partner investerer. Slike synergjar vert oppnådd gjennom kunnskapsbaserte, langsiktige og systematiske planar utvikla saman med partnarane. Planen skal skildre organisering, innhald og fokusområder i partnerskapen og korleis ein skal skape samanheng i folkehelsearbeidet i Hordaland.

#### Plan for tiltak og satsingsområder innan folkehelsefeltet

I plan for folkehelse er det viktig å skildre utfordringane i fylket relatert til livsstilsområda. Fokus på gode levevanar, fysisk aktivitet, ernæring, tobakk og rusførebygging samt fokus på psykisk helse er deler av arbeidet det skal utviklast mål og strategiar for.

#### Plan for folkehelse i eiga tenesteyting

Folkehelsearbeid er både eit eige fagområde, men samtidig eit aspekt ved dei fleste av HFK sine andre ansvarsområde, det vere seg tannhelse, opplæring, arbeid, fokus på bu- og nærmiljø, sosial inkludering, samferdsel, gang- og sykkelstiar, eller tilgang på rein luft og naturområde. Planen vil skissere mål og strategiar for å samordne arbeidet til heilskapleg satsing, og for at folkehelsekonsekvensar inngår i dei ulike sektorfelt.

Som del av fylkeskommunen si rolle i å samordne innsatsen blir nasjonalt og internasjonalt samarbeid også fokusert og inkludert i planen.

For tida oppsummerast den tre årige prosjektperioden for universell utforming. Rapporten skal danne grunnlaget for vidare satsing på feltet. I rapporten skal det mellom anna vurderast om universell utforming skal vere ein del av folkehelseplanen.

#### **4. Planprogram**

Ein plan for folkehelsearbeidet i Hordaland vil danne grunnlaget for langsiktig og systematisk regional folkehelsepolitikk i Hordaland. Planen skal innehalde forslag til visjonar, satsingar, mål og strategiar for å imøtekomme dei aktuelle utfordringar innan folkehelse og levekår i Hordaland. Planen skal òg innehalde eit handlingsprogram som vert revidert årleg i planperioden.

Første steg på vegen er å utvikle eit planprogram for arbeidet. I planprogrammet vert det utgreidd om formålet med planarbeidet, planprosessen og medverknadsprosessar. Folkehelsearbeidet i Hordaland frå 2006 – 2010 skal evaluerast og leggjast til grunn for vidare satsing. Folkehelseområdet er vidfamnande og i planprogrammet vil arbeidet med å avgrense arbeidsområde bli viktig. Planprogrammet vil omhandle kva som skal vere dei viktigaste prioriteringane i planprogrammet. I tillegg skal det utførast kartlegging av befolkninga si helsetilstand og kva faktorar som påverkar denne. Kartlegginga blir viktig reiskap for å påpeike utfordringar og prioriteringar det skal satsast på.

Fylkesutvalet blir politisk styringsgruppe for planen, og det bør oppnemnast ein saksordførar som kan fylgje saka til fylkestinget. Utfordringane innan folkehelsefeltet vedkjem likevel alle dei politiske utvala, og aktuelle tiltak på ulike fagområde kan utviklast parallelt med utarbeiding av planen. På den måten er det mogleg med resultat på kort sikt, samstundes med at langsiktige mål og satsingar vert trekt opp i folkehelseplanen. Planprogramarbeidet vert leia av Folkehelsegruppa og Partnerskap for folkehelse i Hordaland. Skiping i prosjektgruppene vert gjort når oppstart vert vedteken.

Ein kritisk suksessfaktor for utarbeiding av planen og iverksetjing av tiltak er ein brei medverknad i planprosessen. Involvering av politikarar, partnarar frå Partnerskap for folkehelse i Hordaland, statlege verksemder, frivillige, kommunar, og avdelingane i fylkeskommunen vil syte føre god medverknad. I tillegg planleggast det ein strategikonferanse knytt til planprogramarbeidet med siktemål å gje enda større mogleik for ein god medverkandsprosess.

#### Tidsplan:

Oppstart planprogram	august 2010
Utnemning av saksordførar	oktober 2010
Strategikonferanse	desember 2010
Utsending til høyring	desember 2010
Planprogram – politisk behandling	februar 2011
Utvikling av Plan for folkehelsearbeidet	feb. – nov. 2011
Høyringsperiode	nov. – des. 2011
Vedtak	mars 2012

#### **5. Konklusjon**

Med bakgrunn i dei føringar som fins for fokehelsearbeidet, skort på planforankring og etterlysing av organisering og forankring av arbeidet både frå politikarar og samarbeidspartar foreslår fylkesrådmannen at det vert starta eit arbeid med utarbeiding av planprogram og ein Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland. Arbeidet er venta ferdig i mars 2012. Kostnader forbundet med arbeidet kjem eg attende til i samband med planprogrammet.